



Korleis arbeider vi med å sikre gjennomføring av hendlingsdelen



ALVER
KOMMUNE

Verksemdstyring i Alver kommune

- ✓ 01.01.2020: Alver kommune – ny kommune. Tre tidligere kommuner hadde ulike prinsipp og system for verksemdstyring.
- ✓ Prosjektorganiserte arbeidet med verksemdstyring
- ✓ Mai 2020: Administrativ styringsgruppe godkjente mandat for verksemdstyring. Mål for konseptfasen var mellom anna følgjande:
 - Definere overordna mål og prinsipp for verksemdstyring
 - Beskrive kva kommunen legg i omgrepet heilskapleg verksemdstyring.
 - Beskrive kva element og prosessar som skal vere ein del av systemet for verksemdstyring
 - Beskrive systemet og årshjulet som sikrar at kommunen jobbar med prosessane i ein heilskap – både politisk og administrativt (analyse, strategi, prioritering, flyt, overgangar, samordning og oppfølging).



Styringsdokument verksemdstyring i Alver kommune

- Styringsdokument vedtatt 2022 (administrativt)
- Hovudelement i verksemdstyring i Alver:
 - FNs berkraftsmål – berekraftig utvikling som premiss
 - Openheit og innsyn
 - Leiing - leiar sitt ansvar og mynde, organisasjon og leiarrolla
 - Planlegging – plansystemet, planstrategi, kommuneplan, temaplaner og handlings og økonomiplan
 - Styring
 - Styringsmodellar – linjestyring, prosjekt og programstyring, kontraktstyring, eigarstyring og styring i beredskapssituasjonar
 - Prinsipp for verksemdstyring – mål og resultatstyring, risokostyring, internkontroll og forbedring og innovasjon
 - Resultat og rapportering – politisk rapportering og administrativ rapportering





Innføring av verksemdsplan


Modell i Alver 2022/2023 – Framsikt



ALVER
KOMMUNE

Overordna – plansystem og heilskapleg verksemdstyring


- For å sikre heilskapleg verksemdstyring nyttar Alver kommune det kommunale plansystemet som modell (figur)
- Plansystemet beskriv i hovudsak kva kommunen skal prioritere av langsiktige planar og korleis kommunen skal gjennomføre det som er planlagt med årlege rulleringar.
- Ein sentral del av plansystemet er ein **administrativ verksemdsplan**, som beskriv kva organisasjonen skal følgje opp og gjennomføre det komande året.
- Verksemdsplanen skal primært vise korleis organisasjonen følgjer opp politiske planar og vedtak, men kan også nyttast til å følgje opp andre prioriteringar. Døme på dette kan vere organisatoriske utviklingsprosjekt.



Plansystemet og «den raude tråden»


- Alver kommune bruker Framsikt som verktøy. Bidrar til å sikre heilskapleg verksemdstyring og den «raude tråden» frå planlegging til rapportering.
 - Alver har tatt i bruk følgjande modular i Framsikt:
 - **Kommunale planar** – utarbeider kommunale planar og handlingsplanar
 - **Økonomiplan og årsbudsjett** – utarbeide økonomiplan og årsbudsjett
 - **Rapportering** – All rapportering skjer i rapporteringsmodulen
 - **Analyse** – kan nyttast som grunnlag for prosessen med handlings- og økonomiplan.
 - **Politikarmodul** – Her kan politisk nivå jobbe konkret med økonomiplan og årsbudsjett.
- Verksemdsplan er den siste modulen som må på plass for å sikre den heilskapen vi er på jakt etter.
- **Verksemdsplan** – administrativ plan som viser kva organisasjonen skal prioritere og følgje opp.

Uavhengig av kva verktøy ein nyttar, er det viktig å byggje eit system som sikrar god flyt og samanheng mellom dei ulike elementene i plansystemet.



Vist på ein anna måte...


En «rød tråd» fra kommuneplan til rapportering



Framsikt 



ALVER
KOMMUNE



Verksemdsplan

Alver kommune starter med verksemdsplan i 2023



ALVER
KOMMUNE

Beskriving av prosessane/modulane


Planer

- Utarbeide kommunale planar med mål, strategiar og tiltak.
- Tiltak blir lagt inn i handlingsplanar med økonomiske tiltak og ikkje-økonomiske tiltak.
- Handlingsplanar blir rullert årleg i samband med økonomiplanprosess.
- Alle tiltak blir vurdert, og prioriterte tiltak blir tatt med i økonomiplan og årsbudsjett.
- Mål, strategiar og tiltak i planmodulen må hentast inn aktivt frå dei andre modulane.
- Politisk nivå bør prioritere både økonomiske og ikkje-økonomiske tiltak inn i handlings- og økonomiplan. Då vil økonomiplanen fungere som ein handlingsdel til kommuneplan (Pbl §11-1 og kommunelov §14-4)



Handlings- og økonomiplan

- Handlings –og økonomiplan skal vise korleis kommunen skal følgje opp mål, strategiar og tiltak i dei kommunale planane.
- Handlingsplanar frå alle vedtatte kommunale planar skal rullerast årleg i samband med økonomiplanprosess. Tiltak frå planane blir vurdert, prioritert og finansiert i samband med rulleringa.
- Prioriterte tiltak i handlings og økonomiplan vil gå automatisk vidare til oppfølging i verksemdsplan.
- Politisk nivå kan også legge inn nye verbalpunkt og andre oppdrag som organisasjonen skal følgje opp. Dette vil også gå automatisk vidare til verksemdsplan.
- Etter vedtak av handlings og økonomiplan i desember vil vidare oppfølging skje i modul verksemdsplan.



Verksemdsplan

- Dette er eit administrativt hjelpemiddel som skal sikre at organisasjonen gjennomfører den vedtatte økonomiplanen i tråd med politiske avgjerder
- Verksemdsplan består av ulike element, dei mest aktuelle er:
- **Oppdragsbrev:** Dette er kommunedirektøren si bestilling til heile organisasjonen. Fokus på kva organisasjonen skal gjennomføre og prioritere det komande driftsåret.
- **Mål og strategiar:** Blir henta frå kommunale planar 0g/eller overført via handlings og økonomiplan.
- **Aktivitet:** Her er det mogleg å følgje opp og lage eigne prosessar for nøkkeltal og indikatormålingar. Dette kan hentast frå planar og handlings og økonomiplan, eller utarbeide sjølv direkte i verksemdsplan.
- **Oppdrag og oppgåver:** Blir henta frå handlings og økonomiplan. Vi kan lage eige i verksemdsplan. Vi må definere kategoriar. Alle oppdrag kan delegerast ut i organisasjonen. Alle oppdrag skal ha ein eigar
- **Sjekkliste:** Oppfølging av internkontroll



Rapportering

- All rapportering skjer i rapporteringsmodul.
- Vi kan rapportere via månedsrapport og min side.
- Vi må avklare kor ofte vi skal rapportere dei ulike elementa i verksemdsplan, både politisk og administrativt.
- Vi har pt. ikke landet på hvordan rapporteringen skal foregå. Vi har månedlig rapportering på økonomi i Alver, men har ikke landet frekvens på de andre elementene.
- **Blir glad for innspill fra dere andre hvordan dere gjør det😊**



Elementa i verksemdsplan

- Oppdragsbrev
- Mål og strategiar
- Aktivitet
- Oppdrag og oppgåver
- Sjekklistar
- Rammer

Spørsmål:

De av dere som har verksemdsplaner i dag, hvordan har dere gjort verksemdsplanene tilgjengelig for alle tilsette? Interne dokument eller eksterne?



Oppdragsbrev

Kva er oppdragsbrev?

- Oppdragsbrevet er kommunedirektør si bestilling til heile organisasjonen, og handler om korleis organisasjonen skal følge opp handlings- og økonomiplanen det komande året. Oppdragsbrevet er ein del av verksemdsplanen.
- Oppdragsbrevet er eit produkt av prosessen med handlings- og økonomiplan, men kan også bli brukt til å presisere kva for andre ikkje-økonomiske og administrative oppdrag organisasjonen skal prioritere.
- Oppdragsbrevet er eit verbaldokument med beskriving.
- Oppdragsbrevet bør vere overordna og inndelt i tema, og det er viktig å vere tydeleg på kva organisasjonen skal prioritere og følgje opp.
- Oppdragsbrevet er synleg for alle einigar i Framsikt
- Det er mogleg å lage oppdragsbrev nedover i organisasjonen basert på eit overordna oppdragsbrev.

Korleis skal vi gjere det i Alver?

- Kommunedirektør og kommunalsjefar lagar eit felles oppdragsbrev som går til tenesteleiarar.
- Oppdragsbrevet fokuserer på politiske prioriteringar i økonomiplan og andre overordna oppdrag (Eks. sektorovergripande utviklingsprosjekt) Kommunalsjefar legg inn oppdrag for sine sektorar.
- Arbeidet med oppdragsbrevet startar i oktober kvart år i samband med budsjettprosessen. Kommunalsjef samfunnsutvikling tar initiativ til å starte arbeidet med oppdragsbrev. Oppdragsbrev blir tema i eigne møter og i felles gjennomgang i leiargruppa.
- Endeleg oppdragsbrev blir avklart etter vedtak av økonomiplan i desember.
- Oppdragsbrevet blir presentert på eit møte med tenesteleiarar tidleg i januar (Kommunedirektøren sitt oppdragsmøte). Oppdragsbrevet blir publisert i Framsikt etter møtet.
- Tenesteleiarar lagar eit eige oppdragsbrev for sine tenesteområde basert på det overordna oppdragsbrevet. Dette kan vere eit arbeid tenesteleiarar og kommunalsjefar jobbar sammen om. Oppdragsbrev og verksemdsplan skal vere ferdig til 31. januar.

Kva skjer i 2022/2023:

- Vi utarbeider eit forslag til oppdragsbrev for 2023. Utkast til gjennomgang med leiargruppa i november. Vi lagar også ein mal for oppdragsbrev for tenesteleiarar.
- Oppdragsbrev blir tema på tenesteleiararsamling 16. desember
- Endeleg oppdragsbrev blir godkjend i leiargruppe 3. januar
- Vi kallar inn til eit oppdragsmøte med tenesteleiarar 11. januar
- Oppdragsbrevet blir eit utgangspunkt for å ferdigstille verksemdsplan innan 31. januar.



Aktuelle tema i oppdragsbrevet

Innleiing:

- Hovudbodskap – kva utfordringar har vi det komande året? Kva skal vi prioritere og kva oppdrag skal organisasjonen løyse?

Strategiske oppdrag:

- Oppfølging av kommunale planar og andre politiske prioriteringar

Økonomiske oppdrag:

- Oppfølging av handlings- og økonomiplan

Organisatoriske oppdrag:

- Leiing og leiarutvikling
- Organisasjonsutvikling, medarbeidarskap, HMS og internkontroll

Digitalisering, system og forbetring

- Digitaliseringsprosjekt
- Forbetringsprosjekt

Service og kommunikasjon

- Gjennomføre prosjekt for å betre innbyggjardialog

Særskilte oppdrag

- Krig i Ukraina – flyktningar
- Oppdatere planverk beredskap
- Omstilling i organisasjonen



Mål og strategiar i verksemdsplan

Kva er mål og strategiar i verksemdsplan?

- Mål og strategiar i verksemdsplan skal vise korleis mål og strategiar frå kommunale planar og handlings og økonomiplan blir følgt opp i organisasjonen.
- Mål og strategiar blir delegert frå kommunale planar i planmodulen, via økonomiplan til verksemdsplan.
- Mål og strategiar som er delegert til handlings og økonomiplan, vil automatisk bli synleg i verksemdsplan. Dei vil bli synleg i dei einingane som dei i økonomiplanen er delegert til.
- For å lage ein heilskapleg handlings- og økonomiplan skal kommunestyret vedta målsettingar for komande fireårsperiode basert på føringar frå samfunnsdelen og andre planar.
- Det mogleg å knytte mål og strategiar til alle oppdrag og oppgåver.

Korleis skal vi gjere det i Alver?

- Prinsippet i Alver skal vere å bruke mål og strategiar frå dei kommunale planane. Vi skal i minst mogleg grad opprette eigne mål og strategiar i verksemdsplan
- Mål og strategiar blir synleg i planmodulen når planane er vedtatt.
- I arbeidet med handlings- og økonomiplan og årsbudsjett skal alle oppdrag (tiltak og oppgåver) vere kopla til mål og/eller strategi i kommunale planar.
- Det er oppdragseigar som har ansvar for å linke alle oppdrag til mål og strategiar i kommunale planar.
- Oppdrag frå handlings- og økonomiplan vil gå automatisk inn i verksemdsplan
- Nye politiske oppdrag (verbalpunkt) eller administrative oppdrag skal også vere kopla til mål og strategiar frå kommunale planar.

Kva skjer i 2022/2023:

- Per november 2022 er det berre samfunnsdelen som har vedtatte mål og strategiar. Kommunedelplanar for oppvekst og helse er på høyring og vil ikkje bli vedtatt før våren 2023.
- Prinsippet er at mål og strategiar i kommunale planar skal gå via økonomiplan og vidare til oppfølging i verksemdsplan. Dette skjer for første gang i økonomiplan 2024 – 2027.
- Alle oppdrag som ligg i verksemdsplan skal koplast til mål og strategiar i samfunnsdelen. Det er kommunalsjefar som må kvalitetssikre dette arbeidet. Dette arbeidet blir gjennomført i januar 2023 når verksemdsplan for kvar sektor og tenesteområde skal slutførast.



Aktivitet, nøkkeltal og indikatorar

Kva er aktivitet i verksemdsplan?

- Aktivitet handlar om nøkkeltal og indikatorar som kan vise ei utvikling over tid.
- Nøkkeltall er indikatorar som er tenkt å vise kva for føresetnader økonomiplan/årsbudsjett byggjer på. Døme på dette er tal born i barnehagane eller tal elever i grunnskulen eller SFO. Tal leverte timer i heimehjelp/ heimesjukepleie eller tal bebuarar på sjukeheim.
- For å måle om kommunen beveger seg i retning av målet, kan ein knytte indikatorar til delmåla. Dette kan ein gjere både i planmodul, økonomiplan og i verksemdsplan.
- Etter at det er oppretta eit hovedmål og eit delmål kan det knyttast ein indikator til målet/delmålet. Indikatoren kan leggest inn med både historiske verdiar og mål framover.
- Mål og indikatorar i økonomiplanen kan delegerast ned til leiarar som skal følgje opp indikatorar i komande driftsår. Dette skjer gjennom verksemdsplan.
- I verksemdsplanen kan ein også bearbeide måla ved å knytte indikatorar til dei.

Korleis kan/skal vi gjere det i Alver?

- Ved utarbeiding av kommunale planar bør ein vurdere kva mål og delmål som skal/kan følgjast opp med indikatorar, for å sikre at kommunen utviklar seg i retning måla.
- I arbeidet med handlings- og økonomiplan må kommunedirektør og kommunalsjefar vurdere om det er særskilte mål som skal følgjast opp med indikatorar. Kommunalsjefar har eit ansvar for å vurdere måla som treff deira sektorar.
- Kommunedirektøren si leiargruppe bør ha eigne diskusjonar knytt til mål og indikatorar.
- Prioriterte indikatorar blir lagt inn i verksemdsplan og oppdraget med å følgje dei opp blir delegert til rett eining/rolle.
- Analyseavdelinga til kommunen kan brukast som ein ressurs og støtte i arbeidet.
- Indikatorar bør i hovudsak vere knytt til politiske mål i kommunale planar.
- Skal rapportering på indikatorar skje i tråd med rapporteringsrutinar i økonomireglement?

Kva skjer i 2022/2023:

- Prinsippdiskusjon om korleis vi skal bruke nøkkeltal og indikatorar i mål- og resultatstyring i Alver. Og skal vi bruke den moglegheita som ligg i Framsikt?
- Vi gjennomfører ein pilot i 2023 der vi testar ut indikatorar på enkelte område, til dømes innan oppvekst og helse. Vi brukar mål i samfunnsdelen og kommunedelplanar som grunnlag for indikatorar.
- Det er kommunedirektør og kommunalsjefar som avklarar kva område vi skal ha indikator på. Oppdraget med å følgje det opp kan delegerast gjennom verksemdsplan.
- Pilotprosjektet må også vurdere system for rapportering og tilbakemelding til politisk nivå.



Oppdrag og oppgaver i verksemdsplan

Kva er oppdrag og oppgaver?

- Under oppdrag og oppgaver i verksemdsplan blir alle oppdrag som organisasjonen skal følgje opp registrert. Dette kjem automatisk inn frå økonomiplan, eller blir lagt inn direkte i verksemdsplan.
- Oppdrag og oppgaver blir sortert i ulike kategoriar, døme på dette kan vere:
 - Vedtatt verbalpunkt frå økonomiplan
 - Løpande politiske vedtak gjennom året
 - Politiske tilleggsbestillingar
 - Tiltak frå vedtatte planar
 - Administrative punkt som kommunedirektør ønskjer særleg fokus på gjennom året
- Alle oppdrag har ein oppdrageigar og oppdrag blir delegert ut i organisasjonen, til andre leiarar og medarbeidarar.
- Rapportering på oppdrag og oppgaver skjer via modulen rapportering i Framsikt.

Korleis skal vi gjere det i Alver?

- Alver kommune skal i hovudsak bruke verksemdsplan til å følgje opp politiske oppdrag og oppgaver som kjem frå kommunale planar og økonomiplan. Oppdrag og tiltak frå kommunale planar, både økonomiske og ikkje-økonomiske, skal som hovudprinsipp prioriterast gjennom økonomiplan. Desse oppdraga vil automatisk gå vidare til verksemdsplan. Kommunedirektør/kommunalsjefar har ansvar for å delegere oppdraga vidare i sin organisasjonen.
- Kommunedirektør/kommunalsjefar kan også leggje inn administrative oppdrag i verksemdsplan. Dette er særskilte område organisasjonen skal jobbe med.
- Politiske vedtak og tilleggsbestillingar gjennom året blir lagt inn av politisk sekretariat etter kvar politiske runde. Kommunalsjefar er oppdrageigar og avgjer kven som skal følgje opp vedtaka.
- Arbeidet med å prioritere oppdrag og oppgaver for neste driftsår startar i samband med handlings- og økonomiplan om våren. Då skal alle handlingsplanar i kommunale planar rullerast. Oppdrag og oppgaver blir også vurdert i budsjettprosessen om hausten.
- Kommunalsjef og tenesteleiarar må ha ein dialog med korleis og kven som skal følgje opp dei ulike oppdraga.

Kva skjer i 2022/2023:

- Avklare kva oppdragskategoriar Alver skal ha og bygge opp modulen etter dette.
- Avklare kva for rapporteringsrutiner vi skal ha på dei ulike kategoriane, både politisk og administrativt.
- Sikre at alle som skal følgje opp oppdrag og oppgaver har tilgang i Framsikt.
- Kommunedirektør/kommunalsjefar må avklare kva administrative oppdrag kommunen skal prioritere i 2023 (Gjennomgang av overordna prosjektliste)
- Endeleg oversikt over oppdrag og oppgaver for det komande driftsåret skal vere klar til 31. januar 2023.

Sjekkliste internkontroll

Kva er sjekkliste?

- Internkontroll er ein viktig del av kommunen si helskapelege verksemdstyring. For at kommunedirektøren skal kunne følgje opp ansvaret som er lagt til rolla gjennom kap 25 i kommunelova, kan bruk av sjekklister i verksemdsplan vere eit verktøy.
- Sjekkliste skal bidra til at kommunedirektøren har ein god oversikt over at internkontrollsystemet blir fulgt opp.
- Kvar kommune kan bygge opp sjekkliste slik dei ønskjer. I Framsikt er sjekkliste bygd opp med to nivå. Først skal ein definere eit føremål, døme på dette kan vere leiardialog, planlegging og HMS. Under føremål kan ein lage ulike typer som grupperer sjekklisterpunkta. Døme på ei sjekkliste kan sjå slik ut:

Føremål	Type	Sjekkpunkt
Leiardialog	Leiardialog	Er det gjennomført leiarsamtale med underordna leiar?
Planlegging	Verksemdstyring	Er det utarbeida verksemdsplan
HMS	HMS	Er grunnopplæring i HMS utført?
	HMS	Er vernerunde gjennomført?

Korleis kan/skal vi gjere det i Alver?

- Sjekkliste bør henge saman med det leiarar skal jobbe med og følgje opp på heile internkontrollområdet.
- HMS-planen har sentrale oppfølgingspunkt som kan ligge i ei sjekkliste.
- HR og utvikling bør ha ansvaret for å utarbeide sjekkliste som skal inn i verksemdsplan. Arbeidet med neste års sjekkliste startar om hausten, og endeleg sjekkliste er klar til 31. januar.
- I første omgang blir det laga ei felles sjekkliste for alle leiarar.
- Oppfølging og rapportering skjer i dialog mellom leiarar (månedsmøte), men oversikten kan også nyttast i kommunedirektøren sin gjennomgang av sjukefråver, avvik kvar månad.

Kva skjer i 2022/2023:

- Kommunedirektør og relevante kommunalsjefar må vurdere moglegheita som ligg i funksjonen med sjekkliste. Det blir laga ein plan for utarbeiding av sjekkliste som HR og utvikling får ansvar for.
- HR og utvikling får ansvar for å lage ein første versjon. Leiargruppa drøftar eit utkast i januar.

